

---

**Fra:** Berit M Eskeland  
**Sendt:** 5. april 2018 13:45  
**Til:** Marianne Aadland Sandvik  
**Emne:** Tilleggsopplysninger til søknad om dispensasjon til utbetring og omlegging av Håtuftvegen, Meland, gnr 30 bnr 1 mfl.

Meland kommune er ein kommune i sterk vekst. Dette har ført til ei sterk auke i vassforbruket. Eksisterande vassbehandlingsanlegg på Hestdal har til tider problem med å levere nok vatn til abonnentane. Denne situasjonen vil bli forverra i tida fram mot at nytt vassbehandlingsanlegg står ferdig i 2019/2020. Kommunen pliktar å lever nok vatn til sine abonnentar, og det er derfor svært viktig at arbeidet med bygging av nytt vassbehandlingsanlegg ikkje vert seinka.

Omlegging av Håtuftvegen heng nært saman med bygging av nytt vassbehandlingsanlegg fordi det er planlagt å nytte massar frå der det nye vassbehandlingsanlegget skal byggast til omlegging av veg. Dette vil som nemnt i søknaden vere svært positivt fordi massane kan disponerast i nærområde og ikkje må køyrast vekk. Dersom omlegginga må regulerast vil dette anten føre til ein betydeleg seinking av arbeidet med vassbehandlingsanlegget eller at massane må køyrast langt vekk for deponering. Tiltakshavar vurderar at dette er to svært dårlige alternativ sett opp mot ein godkjenning av dispensasjonen.

Venleg helsing

**Berit M Eskeland**  
Prosjektrådgjevar  
Plan, utbygging og kommunalteknikk

Tlf: 56 17 11 68  
Sentralbord 56 17 10 00  
[postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no)



[Sjå brosjyren vår](#)